



ORIENTERING OM REGLAR FOR KLAGE OG OM FRAMGANGSMÅTE VED KLAGE PÅ VEDTAK OM TILDELING AV DROSJELØYVE

Vedtaket kan påklagast til Klagenemnda innan ein frist på 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke. Klaga skal sendast til samferdselssjefen. Fylgjene av ei eventuell klage kan verta at vedtaket vert endra.

Søksmål om vedtaket er lovleg, eller krav om skadebot som fylgje av slikt vedtak, kan ikkje reisast før parten har nytta høve til å påklaga vedtaket, jf. fvl. § 27b.

Med heimel i forvaltningslova § 18, jf. § 19, har part med visse unntak, rett til innsyn i dokumenta i saka. Ein må då venda seg til Samferdselsavdelinga.